

Ulstein kommune
Peder Arne Almedal

Dykkar ref.
20/1725 23/5248

Vår ref.
15/1177-17/KES

Dato
3. april 2023

Ulstein kommune – ein del namnesaker – tilråding

Me syner til eit brev som Peder Arne Almedal i Ulstein kommune skreiv til stadnamntenesta i Språkrådet 23. mars i år.

Så langt me kan sjå, er det tilrådeleg å nytte desse namna som namn på ulike småbåthamner i Ulstein kommune: 1 **Fløhamna**, 2 **Ulstein småbåthamn**, 3 **Ryssholmen småbåthamn**, 4 **Vikholmen småbåthamn**, 5 **Stålhaugen småbåthamn**, 6 **Straumane småbåthamn**, 8 **Hansvika småbåthamn**, 9 **Dimnavågen småbåthamn**, 11 **Haddal småbåthamn** og 12 **Eiksund småbåthamn**. Dei aktuelle primærnamna ser ut til å vere rimeleg godt dekkjande for dei hamneområda det er tale om her. Når det gjeld samansetjingsmåten i namneforma *Fløhamna*, kan ein jamføre med SSR-registrerte parallelle avleiingsformer som *Fløhornet*, *Fløegga*, *Fløleia* og *Fløvegen*. (Me syner til punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det blant anna: «Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen.») I SSR er både *Flø* (som bygdenamn), *Ulstein* (som gards- og bygdenamn), *Ryssholmen*, *Dimnavågen* og *Haddal* registrerte som eineformer. Namna *Vikholmen* og *Straumane* er ikkje registrerte i SSR, og *Stålhaugen* og *Hansvika* er berre registrerte som adressenamnformer, men me reknar med at alle desse namna er nytta i den lokale stadnamntradisjonen. Skrivemåten *Eiksund* er vedteken som gardsnamnform, og den aktuelle hamna ligg på den garden det er tale om her.

I staden for *Breivikgjerde småbåthamn* (nr. 7) bør ein skrive **Breivikgjerdet småbåthamn**. Skrivemåten *Breivikgjerdet*, med bunden artikkel, er tidlegare fastsett som adressenamnform. Kortforma *Gjerdet* (som då òg er med bunden artikkel) er registrert som eit bruksnamn og som eineform i SSR.

Gardnes småbåthamn eller *Garnes småbåthamn* (nr. 10)

Det primære naturnamnet er SSR-registrert med skrivemåten *Gardnes* som eineform. Samstundes er det tilhøyrande gardsnamnet ført opp med skrivemåten *utan d* som eineform. Den saka som er reist for namnet på småbåthamna på staden, kan ikkje sluttførast før det er avgjort korleis primærnamnet skal skrivast i offentleg samanheng. Me har no skrive eit brev til Kartverket og bedd dei syte for at det blir gjennomført namnesak for primærnamnet.

Me finn det tilrådeleg at vegen som går frå Løset, over garden Fjelle og nordover til Hareidseidet, får namnet **Fjellsvegen**. Når det gjeld samansetjingsmåten med genitivs-s, kan ein jamføre med SSR-registrerte parallelle avleiingsformer som *Fjellsvatnet*, *Fjellsmyrane*, *Fjellsskogen* og *Fjellsstranda*. (Me syner òg her til punkt 6 i dei utfyllande reglane.)

Dei tre fjelltoppnamna det no er reist namnesak for, bør skrivast **Storebroren**, **Mellombroren** (eventuelt *Myllobroren*) og **Lisjebroren**.

Utmerkingsforma *Mellom-* er vedteken i seks namnesaker i fylket. Skrivemåten *Myllo-* er vedteken i eitt tilfelle. Det gjeld namneforma *Mylloskjeret* i Giske kommune. Førelekken bør ikkje skrivast *Myllå-*. Vokalen i andrestavinga kjem langt på veg på linje med den som finst i dativ fleirtal-former som *Geilo*, *Haugo* og *Bergo*. (Det gjeldande regelverket gir ikkje grunnlag for å skrive desse formene med *å*-ending. Jamfør med punkt 5 i dei utfyllande reglane. Der står det: «Namn som opphavleg var dativformer, bør halde på dativendinga. Det gjeld først og fremst dativ fleirtal, som kan få endinga *-o*, *-om* eller *-um* i samsvar med dialektuttalen. Døme: *Geilo*, *Haugom*, *Sveum*.») Me tilrår prinsipalt skrivemåten **Mellombroren**.

Skrivemåten **lisje** (*Lisje-* og *Lisje ..*) er vedteken i til saman 29 tilfelle på Sunnmøre, blant anna i tretten tilfelle i Herøy kommune og i fem tilfelle i Vanylven kommune. Skrivemåtane *Little-* og *Little ..* finst i 25 vedtekte stadnamnformer på Sunnmøre. Ingen av dei 25 formene gjeld namn som høyrer heime i den ytre delen av Søre Sunnmøre (det vil seie kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid). Skrivemåten *lisje* må reknast som ei regional form som etter reglane kan nyttast på linje med rettskrivingsformene *little* og *lille*. (Jf. med § 3 i den gjeldande forskrifta. Der står det blant anna: «Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen.») Skrivemåten *Lisjebroren* er føreslegen av kommunen.

Skrivemåten **Eiksundsanden** verkar fullt ut tilrådeleg. Namnet er ikkje registrert i SSR, men me reknar med at det er tale om eit nedarva lokalt stadnamn og at skrivemåten harmonerer med den munnlege namnetradisjonen. (Sjå elles det me har skrive på slutten av andre avsnittet i dette brevet.)

Så langt me kan sjå, er det tilrådeleg å nytte **Skeidstunet** og **Storejonmarka** som adressenamnformer. (*Skeide* (med *d*) er ei vedteken gardsnamnform.)

Tua eller *Tuå*

Om valet mellom *-a* eller *-å* i endinga står det blant anna dette i punktet 4.2 i dei utfyllande reglane: «Svake hokjønnsord kan i bunden form eintal få [...] *-a* i samsvar med rettskrivinga og dialektuttalen [eller] [...] *-o* og *-å* i samsvar med dialektuttalen.» Dette gir opning for bruk av skrivemåten *Tuå*. Me tilrår likevel prinsipalt skrivemåten **Tua**. Frå Ulstein kommune er det ikkje SSR-registrert eit einaste namn der ein hovudlekk av hokjønnsordet *tu(v)e* er skriven med *å*-ending. Frå same kommunen er det registrert sju namn med skrivemåten *-tua*. (Det gjeld namneformene *Eggatua*, *Høgetua*, *Stortua*, *Gar(d)nestua*, *Skjoratua*, *Hartua* og *Middagstua*. Alle desse er registrerte med skrivemåten *-tua* som eineform.) I Ulstein er det ikkje registrert noko namn med *å*-ending i tilfelle der det vil vere tale om bunden eintalsform

av dei svake hokjønnsorda *nipe, brekke, gate, fjøre, ekre, grynne, kråke* og *søyle*.
Skrivemåten

-fjøra (med *-a* i endinga) er fastsett i adressenamnforma *Strandabøfjøra*, som då gjeld ein veg attmed Lyngnesvika i Ulstein kommune. Det kan elles nemnast her at *Botnaløysa* er vedteken som offisiell skrivemåte av namnet på eit sjøstykke utom Hatløya i Ulstein. (Jamfør òg med dei lokale vegnamnformene *Bakkegata, Gjerdegata, Kyrkjegata* og *Sjøgata*.)

Me minner om at alle adressenamnvedtak skal meldast til Kartverket (post@kartverket.no) og til Språkrådet (post@sprakradet.no). (Jf. med § 9 i forskrifta til stadnamnlova). SSR-registrering av adressenamna skjer no automatisk når ein legg namna inn i matrikkelen. (Sjå det som står på adressa <https://www.kartverket.no/til-lands/stadnamn/handbok-for-navnebehandling#heading-10619>). Melding om vedtaka skal likevel sendast til Kartverket og Språkrådet.

Språkrådet har laga eit e-læringskurs om stadnamnarbeid og stadnamnlova. Dette kan vere særleg nyttig for kommunetilsette som arbeider med stadnamn. Kurset er tilgjengeleg gjennom denne lenkja: <https://laeringsplattformen.difi.no/kurs/971527404/vegen-til-stadnamnet-eit-kurs-i-stadnamnarbeid-og-stadnamnlova>.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:
Ulstein kommune

Kopi til:

Kartverket	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
------------	-------------------------	------	----------